

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 09.11.2016
Sakhandsamar: **Halfdan Brandtzæg**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per oktober 2016**

Arkivsak
2016/691
Styresak 064/2016

Styremøte 18.11.2016

Framlegg til vedtak

Rapportering frå verksemda per oktober 2016 vert teken til vitande.

Rapportering fag

Ventetid ventande

Ventetid for dei ventande på 43 dagar i oktober, same som førre måned. Det er klart under oktober 2015 då det var 57 dagar.

Tal på ventande

Samla tal ventande pasientar er 4781. Dette er opp frå førre måned, men ei klart handterleg mengde.

Ventetid for starta behandling

Ned til 52 dagar i oktober. Det er behandla 2033 pasientar i oktober, noko som er under fjoråret.

Fristbrot samla (ubehandla/behandla)

Samla sett er det i oktober registrert 25 fristbrot (1 prosent) noko som er opp frå tidlegare. Fristbrot må ha stadig merksemd. Majoriteten er innan medisinsk klinikk.

Direkte timetildeling

	jul.15	nov.15	jan.16	apr.16	aug.16	okt.16
HELSE BERGEN HF	70 %	86 %	85 %	83 %	88 %	83 %
HELSE FØNNA HF	75 %	84 %	84 %	88 %	86 %	83 %
HELSE STAVANGER HF	71 %	90 %	90 %	88 %	91 %	88 %
HELSE FØRDE HF	68 %	90 %	93 %	93 %	91 %	90 %
KIRURGISK KLINIKK (100315)	73 %	86 %	91 %	92 %	87 %	88 %
MEDISINSK KLINIKK (105240)	62 %	95 %	96 %	96 %	97 %	95 %
PSYKISK HELSEVERN	66 %	86 %	78 %	81 %	79 %	60 %

83 prosent for første time, som er litt reduksjon frå førre måned. Delen av oppfølgingstimar har også gått ned til 63 prosent. Dette er ikkje ønskjeleg.

Andel ikkje møtt

I Helse Førde ligg dette stabilt over siste månader på noko over 2 prosent.

Epikrisetider

Epikrisetider innan sju dagar i somatisk del var 93 prosent i oktober, og tilsvarende 70 prosent for første dag. Psykisk helsevern har 97 prosent for sju dagar, og 51 prosent for første dag. Små endringar frå tidlegare.

Korridorpasientar

Talet er svært lågt i oktober med samla sett 3 stk. (0 prosent).

Utskrivingsklare pasientar

14 slike i oktober, fire ulike kommunar står for desse.

Stryking av planlagde operasjonar

Tal strykingar gjekk litt ned i oktober med 3,1 prosent.

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Perioden					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
DRG-poeng pasientar tilhøyrande eigen region, (A)	2 008	2 287	(280)	2 208	(200)	20 542	21 627	(1 085)	21 344	(802)
DRG-poeng pasientar tilhøyrande andre regionar - fakturering av gjestepasientar, (B)	52	51	1	42	10	486	524	(38)	518	(32)
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 060	2 338	(278)	2 250	(190)	21 028	22 151	(1 123)	21 861	(833)
DRG-poeng pasientar beh andre regionar	144	157	(13)	147	(3)	1 555	1 557	(2)	1 695	(140)
Sum drg-poeng eigne pasientar	2 152	2 444	(293)	2 355	(203)	22 097	23 184	(1 087)	23 039	(942)
Herav DRG-poeng poliklinikk (inkl. i A)	373	407	(34)	383	(10)	3 508	3 558	(50)	3 467	41
Tal dagkirurgi/dagbehandling	912	1 078	(166)	1 071	(159)	9 722	10 333	(611)	10 230	(508)
Tal sjukehusopphald	1 427	1 658	(231)	1 679	(252)	14 940	15 984	(1 044)	16 195	(1 255)
Tal polikliniske konsultasjonar	10 881	11 384	(503)	11 117	(236)	105 899	101 426	4 473	101 834	4 065

Perioden

Aktiviteten i perioden var 4,7 prosent lågare enn førre året, målt i tal behandla pasientar. Samla DRG-produksjon i føretaket i perioden er 8,4 prosent under fjoråret. Samla har dei somatiske klinkkane halde fram trenden med lågare tal dagbehandlingar og døgnopphald enn planlagt. I oktober var, for andre månad på rad, også den polikliniske aktiviteten lågare enn budsjett.

Til no i år

Akkumulert ligg aktiviteten 1123 DRG-poeng etter budsjettet (- 5,1 prosent). Vi ligg 3,8 prosent bak fjorårsproduksjonen målt i tal DRG-poeng (833 poeng), men har ein auke på 1,8 prosent frå førre året målt i tal pasientar. Veksten skjer i polikliniske konsultasjonar. Dagkirurgi/dagopphald har ein nedgang på 5,0 prosent mot fjoråret (508 pasientar). Mellom anna er det gjennomført færre dialysebehandlingar. Poliklinisk aktivitet er 4,0 prosent over fjoråret (4065 konsultasjonar). Vi har 1255 færre heildøgnsopphald enn førre året (- 7,7 prosent).

Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 564	1 423	141	1 599	-35	15 429	13 654	1 775	14 613	816
Tal utskrivne pasientar	94	92	2	100	-6	984	876	108	859	125
Poliklinisk dagbehandling	39	104	-65	37	2	318	1 042	-724	321	-3
Polikliniske kons. m/refusjon	2 077	2 074	3	2 218	-141	20 059	18 985	1 074	19 435	624
Rus										
Tal heildøgnsopphald	670	624	46	534	136	6 489	6 122	367	5 995	494
Tal utskrivne pasientar	13	13	0	11	2	164	115	49	148	16
Polikliniske kons. m/refusjon	237	276	-39	332	-95	2 612	2 559	53	2 677	-65
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	97	118	-21	126	-29	791	1 063	-272	1 055	-264
Tal utskrivne pasientar UPH	10	5	5	10	0	82	49	33	92	-10
Polikliniske kons. m/refusjon	1 500	1 749	-249	1 642	-142	14 534	13 771	763	14 923	-389

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)


God aktivitet i oktober. Akkumulert ligg vi høgare enn både budsjett og førre året.

Innanfor rus har vi høg aktivitet målt mot både budsjett og fjoråret.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Tal heildøgnsopphald er lågare enn budsjett og førre året. Poliklinisk aktivitet i oktober er på nivå med gjennomsnittet i 2016, men lågare enn budsjett for perioden.

Akkumulert er det færre polikliniske konsultasjonar enn fjoråret, men vi har høgare aktivitet enn budsjett for 2016.



Samla sett ligg beleggsprosenten på 72 prosent i oktober, dette er stabilt over tid.

Ortopedisk sengepost FSS har justert tal senger frå 37 til 31, medan kirurgisk sengepost FSS har justert talet frå 34 til 28. Begge endringane er gjort med verknad frå 3. oktober.

Når vi vurderer tala er det viktig å ha klart føre seg skillnaden mellom kva avdeling pasienten er innskrevet i og kvar pasienten ligg, til dømes kan ein medisinsk pasient ligge på ein annan sengepost.

ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	172 622	174 456	-1 834	1 594 422	1 596 256	-1 834
Inntekter pasientbehandling	51 815	58 892	-7 077	524 796	556 089	-31 294
Øyremerka tilskot	4 315	5 379	-1 064	31 212	34 900	-3 688
Andre driftsinntekter / Eigenandelar	14 258	13 446	812	131 117	127 226	3 891
Sum driftsinntekter	243 011	252 173	-9 162	2 281 546	2 314 471	-32 925
Kjøp helsetenester	12 420	12 293	127	112 667	122 930	-10 263
Varekostnad	24 867	24 231	636	237 560	230 887	6 673
Innleige personell	2 097	1 037	1 060	21 365	19 501	1 863
Personalkostnader	134 614	136 759	-2 146	1 228 729	1 230 381	-1 652
Pensjonskostnad	25 704	25 721	-17	235 837	235 837	-0
Ordinære avskrivningar	8 053	8 429	-376	81 235	84 292	-3 057
Andre driftskostnader	40 175	42 967	-2 792	377 628	383 014	-5 386
Sum driftskostnader	247 929	251 437	-3 508	2 295 020	2 306 842	11 822
Driftsresultat	-4 918	736	-5 654	-13 474	7 629	-21 103
Finansinntekter	147	117	31	1 528	1 167	361
Finanskostnader	88	270	-181	1 156	2 962	-1 807
Finansresultat	59	-153	212	373	-1 796	2 168
Ordinært resultat	-4 858	583	-5 442	-13 102	5 833	-18 935

Perioden

Perioderesultatet er negativt med 4,9 millionar kroner som er 5,4 millionar dårlegare enn budsjett. Aktivitetsbaserte inntekter var lågare enn budsjett. Det har vore lågare inntekter frå alle dei somatiske områda – poliklinikk, dagbehandling og døgnopphald. Basisramma er justert i tråd med Helse Førdes betaling for overføring av Gulen. Dette vert motsvarvart gjennom lågare andre kostnader. Tal brutto månadsverk har dei to siste månadene vist ein litt lågare tendens enn tidlegare. Personalkostnadene er då også litt under budsjett.

Hittil i år

Aktivitetsbaserte inntekter har så langt i år vore lågare enn venta. Talet på innlagde pasientar og dagbehandlingar er redusert samanlikna med budsjett og førre år. Samstundes har det vore lågare kostnader til kjøp av tenester i andre regionar. Sannsynlegvis vil det vere ein kraftig auke i bruken av Helse Bergens tenester, men vi veit for lite om Helse Bergen behandlar pasientar som tidlegare blei

behandla i Helse Førde eller drog ut av regionen. Områda som særskilt har lågare inntekter, er medisin, nevrologi, ortopedi og øyre-nase-hals (ØNH). Vi har ingen god forklaring på kvifor vi har lågare etterspurnad etter øyeblikkeleg hjelp-tenester. Det har og vore lågare tal elektive behandlingar. Noko av inntektstapet skuldast omlegging av drifta som gjev lågare inntekter. Særleg omlegginga av drifta i ØNH-avdelinga forklarar mykje av nedgangen for inneliggjande elektive pasientar. Innanfor ortopedi har også endring av behandlingsmetodar gitt lågare inntekter. Utfordringa er å justere ned driftkostnadene i tråd med lågare inntekter gjennom året.

Kostnadene til medikament har auka dei seinaste månadene. Bildet med dei låge kostnadene til medikament som vi har hatt tidlegare i år, er i ferd med å endre seg. Vidare aukar kostnadene til implantat, labrekvisita og anna medisinsk forbruksmaterial meir enn venta. Personalkostnadene verker å vere under kontroll, sjølv om kostnadene til innleige av personell har vore litt høgare enn planlagt. Dette gjeld særleg innleige av legar. Kostnader til overtid og ekstrahjelp har og vore høgare enn venta. For andre driftskostnader er det lågare kostnader til Gulen og pasienttransport som er dei store avvika frå budsjett. I tillegg er det lågare kostnader på ei heil rekke postar som vert summert opp til mindreforbruket. IKT-kostnadene er høgare enn venta.

Låg rente og lite bruk av driftskreditten gjev eit betre finansresultat enn budsjett.

Likviditet


Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 300 millionar kroner. Per 1. november hadde Helse Førde trekt opp 66,5 millionar av trekkramma.

Prognose

Helse Førde har i år store årsoppgjerspostar og andre uavklarte postar. Dei vil påverke det endelege rekneskapsresultatet. Etter ei vurdering av korleis dei kan påverke resultatet, meiner vi at resultatet vil bli i balanse for 2016.


MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i september 5,7 prosent mot 6,0 prosent førre år.

Månadsverk



Brutto månadsverk i september var 2257. Dette er 31 færre enn rapportert for same periode i fjor. Netto månadsverk i mai var 2073. Dette er 12 fleire enn rapportert for same periode i fjor.


Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betalar løn for (inklusive betalte permisjonar).

Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.

Uønska hendinger meldt i avvikssystemet Synergi

Tabell som viser tal melde saker i Synergi, sortert etter sakstype:

Diagrammet viser melde saker i perioden 01.01.16-30.09.16:



Pasientrelaterte saker:

Det har siste perioden vore meldt nokre avvik knytt til basale smittevernrutinar for blant anna bruk av verneutstyr, isolasjon mv. Det har vore utført felles opplæring mellom kommunane og Helse Førde i form av temadag om basale smittevernrutinar ultimo oktober 2016.

HMS-saker:

HMS-saker er tilfelle der det har vore helse-, miljø- eller sikkerhetsbrot som gjev fare for eller har medført skade for tilsett. Det er meldt nokre avvik på stikkskadar der sprøytespissar ved feil har hamna i vanleg avfall. Det er kontinuerleg fokus på sortering av spesialavfall og vern av tilsette ved handtering av søppelsekkar i vårt systematiske HMS-arbeid.

IKT-/informasjonssikkerheitsaker:

Kan gjelde brot på personopplysningslova og handtering av sensitive opplysningar, anten ved manglar knytt til IKT-system, aktuelle rutinar eller etterleving av desse. Denne månaden er det m.a. meld ei sak der PC ved tilsette sitt fråvær ikkje var låst i tråd med interne IKT-sikringsrutinar.

Driftssaker:

Driftssaker gjeld hendingar knytt til driftsoppgåver for alle fagområde (administrativ/klinisk). Denne månaden har det m.a. vore meldt om lekkasje av vatn på eit kjøkken, og at medisinsk teknisk utstyr ikkje er blitt sjekka så ofte som rutineane tilseier. Det er og meldt om at for mange tomme senger står i korridorane og skapar vanskar i transport av pasient i seng.

Frekvente hendelser:

Jamlege hendingar vert nytta for meir detaljert oppfølging og særskilt i Helse Førde sine diagnostiske avdelingar. Denne månaden er det meldt om vanskar i høve tapping av trombocytar frå blodgjevarar.

Forbetringsområde:

Forbetringsområde er forslag til forbetring, utan at det ligg føre avvik. (Nokre av desse sakene er feilregistrerte, og inneheld eigentlege avvik). Det er meldt om at matkort med bestilling av mat ikkje inneheld opplysningar om kva avdeling pasienten ligg på. Det er og meldt om høg romtemperatur på soverom for ambulansespersonell.

Klager/NPE (samhandlingssaker):

Samhandlingssaker er saker som vedkjem samhandling mellom føretaket og kommunane. Denne månaden er det meldt om at det hender at pasientane sit for trangt i drosje heim frå sjukehuset, og at nokre pasientar er for dårlege til å reise heim med drosje. Det er også meldt om at drosje ikkje blei bestilt etter rutineane, og at dette førte til belastning for pasienten.

Tilsynsrapport som grunnlag for læring – per 30. september 2016

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Helse Førde	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Førebels rapport av 01.07.16	2 systemavvik, gjeldende oppstart tid behandling og organisering i mottak.		Avvik knytt til at: - Gjennomgang av journaler viser manglar gjeldande start av behandling med antibiotika innan tidsfrist sett i nasjonale faglege retningslinjer og interne prosedyrer. - Leinga har ikkje organisert akuttmottak med tilstrekkelege sjukepleieressursar til rask triagering /prioritet ved stor pasienttilstrøyming. Endeleg rapport mottatt 8.9.2016. Tilbakemelding om forbetringstiltak sendt FM den 4.11. 2016	
Helse Førde	Statens Strålevern	Tilsynsrapport og varsel om pålegg av 24.10.16	3 avvik		Avvik knytt til at: -arbeid med opne radioaktive kjelder vert utført i godkjent type B isotoplaboratorium -nukleærmedisinsk verksemd tilgang til kompetanse innan medisinsk fysikk -etablere system for regelmessige kvalitetskontrollar av nukleærmedisinsk apparatur, inkl. for stråledose og bilde kvalitet. Frist for tilbakemelding 16.12.16/02.01.17	

Tabellane inneheld systemtilsyn under oppfølging. Rapporten inneheld ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre. Heller ikkje tilsyn utan avvik.

Helse Førde har registrert totalt 29 tilsyn og revisjonar i perioden 1.1. – 1.10.2016. Nokre saker er starta opp før 2016.

Desse kontrollane vert utført både av eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan. I tillegg kjem interne eigarrevisjonar frå Helse Vest RHF.

Ni saker gjeld varsel av tilsyn / innhenting av dokumentasjon og opplysningar før eventuelt tilsynsbesøk. Tolv saker er registrert avslutta i 2016.

Av opne saker med avvik er det siste månaden fem saker, sjå tabell ovanfor. Lærings-/forbetringstiltak er under implementering i alle desse sakene.

Andre tilsyns- og klageorgan: Oversikt over saker som ikkje er avslutta i perioden.

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Mattilsynet	Helse Førde HF,	Nordfjord Psykiatrisenter, kantine, Tema reinhold, temperaturkontroll, allergenmerking	17.10.2016	1 avvik	21.11.2016	Ikkje tilstrekkelege rutiner /sjekklistar for temperaturkontroll	
Lokale EI-tilsyn v/Sunnfjord Energi	Helse Førde HF	Psykiatrisk klinikk, Førde. Tilsyn av el-anlegg	25.09.2015	1 jordfeil påvist	Løpande, saka «open»	Rapportmålingar utført av Caverion konkluderer med at dette er ein feil som kjem og går. Sunnfjord Energi er engasjert. Det er sett opp kontrolltiltak i veke 41 2016.	
Arbeidstilsynet	Helse Førde	Ambulansetenesta. Nasjonal tilsynskampanje «Føre var» med særleg fokus på forebygging av muskel- og skjelettplager, tilsyn mai 2011.	19.10.2011 Nytt brev frå Arbeids-Tilsynet av 02.12.15	Det blei gitt 11 pålegg. 10 er lukka, 1 er søkt disp. frå, gjeld arbeidslokale og personalrom på ambulansetast.	01.01.2016 Ny frist for Sogndal er 31.08.16	Helse Førde har hatt dispensasjon frå Arbeidstilsynet (AT) når det gjeld, Selje, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Gulen, Vik, Høyanger, Lavik, Fjaler og Sogndal. Forhold er med i bygningsmessig utviklingsplan styrevedtatt i haust -15. Prossessar anbod, anskaffelsar og forhandlingar for Høyanger og Vik. Teke i bruk mellomstadiet lokale Selje. Helse Bergen overtok drift av Gulen 1.9.16. Ad Sogndal avventar Helse Førde kommunal handsaming. Helse Førde har søkt AT om ny dispensasjon til 30.6.17. Gjennomført dialogmøte med tilsynet 12.9.16. Aktuelle dokumentasjon og framdriftsplanar er avtalt oversendt. På bakgrunn av desse vil AT vurderer søknaden. Tilhøva vert rapportert i drift og er tatt inn i HMS- handlingsplan for 2016/2017. Der er planar og arbeidsgrupper med TV/VO ved alle aktuelle stasjonar.	